



Dato: 12.05.2014
Arkivref: 2013/945-5296/2014

Saksbeh.: Karl Johan Stadsnes

Saksnr	Utval	Møtedato
41/14	Nærings- og utviklingsutvalet	02.06.2014
50/14	Kommunestyret	17.06.2014

Nedre Huna småkraftverk - høringsuttale til NVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune har følgjande merknad til planane om småkraftverk i Nedre Huna. Inntaksdammen vert plassert nedstrøms inntaket til Hundeidvik vassverk. Tiltaket vil ha liten negativ effekt på biologisk mangfald. Rørtrase vil gå i eit landskap kor der er fleire inngrep frå før jf kraftlinjer, motorcrossbane, driftsvegar og sandtak. Kraftstasjonsbygget bør ikkje leggst i heilt nede i strandsona slik at ferdsle vert hindra. Alternativ plassering jf s. 49 i konsesjonssøknaden verkar etter kommunen sitt skjønnsom ei betre plassering slik at folk sin ferdsle i strandsona ikkje vert hindra jf hovudalternativet. Det bør setjast krav om støydempande tiltak då kraftstasjonen vert liggjande nær busetnad.

Konsesjonssøknaden i høve Nedre Huna småkraftverk vert plassert i grøn kategori. Dette vil sei område kor kommunen meiner det kan vere aktuelt å bygge og drifte småkraftverk. Ved positive funn av sjøaure i vassdraget jf fiskeundersøkingar vår/sommar 2014 ber kommunen NVE om å ta spesielt omsyn til denne arten i sin konsesjonshandsaming jf avbøtande tiltak i høve naturmangfaldlova § 12.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 02.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Det var synfaring på Nedre Huna i forkant av møtet.

Bjørn Idar Lyngvær stilte spørsmål om han var ugild, og vart samrøystes kjent slik.

Steinar Myrseth vart valt til leiar og tok sete

8 røysteføre

Karl Johan Stadsnes orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommune har følgjande merknad til planane om småkraftverk i Nedre Huna. Inntaksdammen vert plassert nedstrøms inntaket til Hundeidvik vassverk. Tiltaket vil ha liten negativ effekt på biologisk mangfald. Rørtrase vil gå i eit landskap kor der er fleire inngrep frå før jf kraftlinjer, motorcrossbane, driftsvegar og sandtak. Kraftstasjonsbygget bør ikkje leggst i heilt nede i strandsona slik at ferdsle vert hindra. Alternativ plassering jf s. 49 i konsesjonssøknaden verkar etter kommunen sitt skjønnsom ei betre plassering slik at folk sin ferdsle i strandsona ikkje vert hindra jf hovudalternativet. Det bør setjast krav om støydempande tiltak då kraftstasjonen vert liggjande nær busetnad.

Konsesjonssøknaden i høve Nedre Huna småkraftverk vert plassert i grøn kategori. Dette vil sei område kor kommunen meiner det kan vere aktuelt å bygge og drifte småkraftverk. Ved positive funn av sjøaure i vassdraget jf fiskeundersøkingar vår/sommar 2014 ber kommunen NVE om å

ta spesielt omsyn til denne arten i sin konsesjonshandsaming jf avbøtande tiltak i høve naturmangfaldlova § 12.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 17.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Steinar Johan Bakke (AP), Jarle Strømmegjerde (H) og Bjørn Idar Lyngvær (FRP) stilte spørsmål om deira habilitet. Dei vart alle kjent inhabile.

Vara kom fram og tok sete. Ole Kjell Eidem (AP) tok sete for Bakke, Torill Velle (H) tok sete for Strømmegjerde og Magnar Gjerde (FRP) tok sete for Lyngvær.

Rådgjevar Karl Johan Stadsnes orienterte.

Kommunestyret drøfta saka.

AP v/Ståle Eikrem la fram forslag om å endre tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet (NU) ved å stryke setninga i 1. avsnitt: «Alternativ plassering jf s. 49 i konsesjonssøknaden verkar etter kommunen sitt skjønnsom ei betre plassering slik at folk sin ferdsle i strandsona ikkje vert hindra jf hovudalternativet.»

Som fellesforslag vart fremja Bjørn Idar Lyngvær (FRP) sitt tilleggsforslag, jfr. førre sak:

Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.

Det vart først røysta over forslaget frå AP v/Ståle Eikrem. Forslaget fekk 2 røyster og fall.

Det vart deretter røysta over fellesforslaget som vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over tilrådinga frå NU, og denne vart også samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak: som tilrådinga frå NU med tillegg siste avsnitt

Sykkylven kommune har følgjande merknad til planane om småkraftverk i Nedre Huna. Inntaksdammen vert plassert nedstrøms inntaket til Hundeidvik vassverk. Tiltaket vil ha liten negativ effekt på biologisk mangfald. Rørtrase vil gå i eit landskap kor der er fleire inngrep frå før jf kraftlinjer, motorcrossbane, driftsvegar og sandtak. Kraftstasjonsbygget bør ikkje leggjast heilt nede i strandsona slik at ferdsle vert hindra. Alternativ plassering jf s. 49 i konsesjonssøknaden verkar etter kommunen sitt skjønnsom ei betre plassering slik at folk sin ferdsle i strandsona ikkje vert hindra jf hovudalternativet. Det bør setjast krav om støydempende tiltak då kraftstasjonen vert liggjande nær busetnad.

Konsesjonssøknaden i høve Nedre Huna småkraftverk vert plassert i grøn kategori. Dette vil sei område kor kommunen meiner det kan vere aktuelt å bygge og drifte småkraftverk. Ved positive funn av sjøaure i vassdraget jf fiskeundersøkingane vår/sommar 2014 ber kommunen NVE om å ta spesielt omsyn til denne arten i sin konsesjonshandsaming jf avbøtande tiltak i høve naturmangfaldlova § 12.

Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Huna Kraft As v/Sykkylven Energi As/fallrettshavarar i Huna søker NVE om konsesjon for å bygge og drifte Nedre Huna småkraftverk. I den samanheng er Sykkylven kommune høyringspart.

Saksopplysning

Huna Kraft As (s.u.e.) ynskjer å utnytte eit fall på ca. 155 meter med inntak omtrent ved kote 160, og avløp ved kote 5. Nedbørsfeltet for planlagt inntak til Nedre Huna kraftverk utgjer ca. 9,5 km². Middelvassføring er berekna til 0.744 m³/s. Planlagt minstevassføring vil vere 53 l/s, og installert effekt ca. 1.95 MW. Årsproduksjon er estimert til 6.14 GWh. Diameter på tilløpsrør er oppgjeve til 1000 mm. Rørgatetrase vil verte om lag 1750 meter. Utbyggingskostnaden er oppgjeve til ca. 23 millionar kr.

Utbygginga av Nedre Huna vil skje nedanfor inntaket til ferskvassforsyninga. Dette tiltaket kjem såleis ikkje i berøring med vassforsyninga til Hundeidvik vassverk.

Det er planlagt å bygge jordfyllingsdam ved inntaket. Årsaka til at søkjar ynskjer dette er pris og at ein slik dam truleg vil gli lettare inn i terrenget. Dammen for Nedre Huna vil bli ca. 3.5 meter høg og 22 meter brei. Neddemt areal vert ca. 415 m². Oppdemt volum vert om lag 850 m³. Inntak til kraftstasjonen vil gå ut på dammens venstre side sett ovanfra og inntaket for øvrig vil ligge i damkonstruksjonen. Minstevassføring sleppast gjennom rør i demninga.

Rørgata vil gå på sørvestsida av elva og vert om lag 1800 meter lang. Breidda på rørtrase vert ca. 2,5 meter med eit ryddebelt på om lag 15- 20 meter avhengig av topografi på staden. Det er planlagt naturleg revegetering og at rørtraseen ikkje skal legga beslag på areal. Rørgata vil først gå gjennom 330 meter med skog før den vert lagt ca. 710 meter langs ein eksisterande driftsveg. Rørgata kjem deretter bort til busetnad og dyrka jord. Der vil den dels følgje kanten av marka, og dels gå i skogen før den kryssar fylkesvegen i ca. 700 meter. Dei siste 100 meterane ned mot planlagt kraftstasjon vil røret verte lagt langs dyrka jord.

Vurdering

Tiltaket vil vere positivt samfunnsøkonomisk og i tråd med fornybardirektivet om fornybar kraft (grøn energi).

Det er uheldig etter kommunen sitt skjønn om kraftstasjonen vert lagt i strandsona. Alternativ plassering jf s. 49 figur 3.7 verkar som ei betre plassering. Dette då kraftstasjonen vert liggjande unna strandsona kor folk ferdast. Det bør leggst opp til krav om støydempende matter i utløpet og støydemping av eventuelt ventilasjonsanlegg då kraftstasjonsbygget vert liggjande nær busetnad jf konsesjonssøknad s. 31 og 49.

Tiltaket vil ha noko negativ effekt i høve redusert vassføring i Huna jf minstevasslepp på 53 l/s.

Rørgatetrase går gjennom beitepårverka skog og det er ikkje gjort funn av raudlisteartar i området. Nokre stader er skogen flommarksprega. Alderen på denne er fortsatt for ung til å setje noko verdiklassifisering som naturtypeområde etter DN handbok nr. 7. Omsøkt konsesjonsområde er nedanfor førekomstane av Færøymarikåpe og nedanfor inntaket til Hundeidvik vassverk. Omsøkt tiltak kommer ikkje i berøring med viktige landskapselement som t.d. fossen lenger oppe jf Øvre Huna.

Retningslinjer for små vasskraftverk – Olje og Energidepartementet 2007

Olje- og energidepartementet (OED) har utarbeidd retningslinjer for korleis konsesjonshandsaminga til NVE vert i høve små vasskraftverk. Tema som OED vurderer som sentrale i verknader små kraftverk kan ha på miljøet er; verdifulle landskapselement, sårbare område i høgfjellet, fjordlandskap, biologisk

mangfald, inngrepsfrie områder, fisk og fiske, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Andre viktige tema er vurdering av samla inngrep i eitt område, EUs vassdirektiv, verna vassdrag og mogleg avbøtande tiltak ved utbygging av små kraftverk. Verdivurderinga vert inndelt i stor, middels eller liten verdi. Vurderinga sei ikkje alltid noko om konfliktnivået for og imot utbygging av eitt vassdrag. Ofte vil ei høg verdisetjing innanfor eitt eller fleire av undertema løyse ut ein del konflikt. (Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007.

Konfliktgrad/Samla inngrep i høve 5 søknadar om konsesjon for vasskraft

Konfliktgraden i høve Aurdal småkraftverk og Nedre Huna småkraftverk vert vurdert som relativt liten. Konfliktgraden i høve Gimsdalen småkraftverk vert vurdert som middels stor. Konfliktgraden i høve Kroken småkraftverk og Øvre Huna småkraftverk vert vurdert som stor. Dette samsvarar med verdisetjingane i angjeve tema i søknadene med vedlegg jf avsnitt ovanfor utarbeidd av Olje- og energidepartementet.

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale gir grøn kategori til 2 småkraftverkssøknader (Ja), gul kategori til 1 konsesjonssøknad (Usikker) og raud kategori til 2 konsesjonssøknader (Nei) når ein vurderer samla inngrepsbelastning for dei ulike områda jf verdisetjingstematikk i retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007. Nærings- og utviklingsutvalet (tilråding) og Kommunestyret (vedtak om offisiell kommunal uttale til NVE) står fritt til å endre dette slik dei folkevalte ynskjer.

Oppsummering Nedre Huna

Når ein summerer positive og negative element i samband med ei eventuell utbygging i Nedre Huna ender opp i ei relativ nøytral sone. Kommunen plasserer konsesjonssøknaden til Huna Kraft As i høve Nedre Huna småkraftverk i grøn kategori. NVE kan vurdere avbøtande tiltak i tråd med naturmangfaldlova § 12 om sjøaure vert påvist i vassdraget gjennom fiskekartlegginga vår/sommar 2014 jf s. 40 i «Retningslinjer for små vasskraftverk» (OED) 2007.

Økonomiske konsekvensar

Tiltaket vil ha positiv konsekvens for Sykkylven Energi As /fallrettshavarane og Sykkylven kommune. Dette då Sykkylven kommune eig 100% av aksjane i Sykkylven Energi As. Sykkylven Energi As eig 66% av aksjane i Huna kraft As. Fallrettshavarane eig 34 %. Då kommunen har eigarinteresse i saka bør ein balansere synspunkt so nøytralt som mogleg. Rådmannen viser her også til uttale i høve Øvre Huna og «Mellom-Huna» som enda opp med raud kategori grunna høg verdisetjing innan einskilde av verdielementa i Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007.

Eldrid Sourza
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Karl Johan Stadsnes
rådgjevar miljø og landbruk